

DOKTORAVHANDLING AV ALEKSANDRA REGINA WILKUS-WYRWA, UNIVERSITETET I POZNAN, 2018:

Forfatterens individuelle estetikk i gjendikting En litteraturkritisk studie over Wislawa Szymborskas og Czeslaw Milosz ‘ norske oversettelser

Som tittelen fortel, tek dette arbeidet føre seg oversetting av poesi – nærare bestemt oversetting til norsk av Polens to store lyrikarar på 1900-talet. Czeslaw Milosz og Wislawa Szymborska vart begge tildelt Nobels litteraturpris; det seier sitt om forskingsmaterialet i avhandlinga. Materialet består av dei tre diktbøkene 1) *Utsikt med et sandkorn* og 2) *Livet er den eneste måten* (av Szymborska), 3) *I løsilidens æra* (av Milosz). Dei tre norske oversettarane er Ole Michael Selberg 1), Christian Kjelstrup 2) og Paal Brekke 3).

Avhandlinga har fem hovudkapittel – 1) innleiing, 2) teoretisk-metodologisk bakgrunn, 3) analysemodellar, 4) sjølv analysen, 5) avsluttande konklusjonar. Med andre ein logisk og høveleg struktur for den problemstillinga som er skissert i tittelen på avhandlinga.

Innleiinga strekar under kor mykje som ligg innbakt i poesi av ‘kulturelle, historiske og samfunnsmessige forhold som ligger utenfor tekstene selv’. Dette er sjølv den raude tråden gjennom undersøkinga. I innleiinga blir òg forskjellen på *gjendikting* og *oversetting* introdusert, saman med det sentrale teoribegrepet gjennom analysen, diktets *aura*. Auraen var eit begrep som kunstkritikaren Walter Benjamin jobba mykje med, og han må difor seiast å vera den sentrale teoretikaren bakom dette analysearbeidet.

Først i andre kapittel (s.46) står dei tre norske oversettarane rekna opp - Brekke, Kjelstrup og Selberg – ved sida av kvarandre. Dette burde ha skjedd alt i starten (s.12), der dei tre norske diktbøkene blir presentert. Brekke og Selberg blir nemleg nemnde på eit tidleg punkt i teksten.

Tredje kapittel, analysemodell-kapitlet, med *auraen* som det sentrale begrepet, etablerer ei solid oppbygging som blir følgt i neste kapittel, der analysane blir utført.

Analysane og konklusjonane, kapittel fire og fem, handlar i stor grad om relasjonen mellom diktar (kjeldetekst) og oversettar (måltekst). Relasjonen mellom diktar og ein diktar (på eit anna språk), som også prøver seg som oversettar, blir ofte annleis enn relasjonen mellom ein diktar og ein yrkesoversettar. Dette er eit forhold som andre internasjonale oversettingskritikarar har vore inne på, og det er ein klar tendens i faglitteraturen at dei ikkje utan vidare meiner det er gitt at ein diktar fungerer godt som oversettar. Vedkomande kan jo som regel skriva litterært godt, men ofte blir det slik at vedkomande legg (for) mykje av sine diktartrekk og tema inn i språket til den diktaren vedkomande skal oversetta.

Avhandlinga konkluderer med at oversettaren Brekke blir meir diktaren Brekke enn godt er, i si oversetting av *I løssildens æra*. Analysen får tydeleg fram - ikkje dømmande, men på fascinerande vis - korleis 'Milosz' individuelle estetikk blir tilslørt av Brekkes forfatterstemme' (s. 233).

Selberg og Kjelstrup kjem annleis bra frå det når dei ikler dikta norsk språkdrakt, i *Utsikt med et sandkorn* og *Livet er den eneste måten*. Dei to meistrar betre utfordringa med 'aura-formidling innen den estetiske koden', som kandidaten uttrykkjer det (s. 168).

Kandidaten utvidar perspektivet fint til slutt (s 234) der ho strekar under at der er sider ved studien ho gjerne ville ha arbeidd meir med. Ho vonar òg at nokon vil ta på seg oppgåva med å behandla situasjonen til polsk litteratur på den norske bokmarkanden, i ei større undersøking.

Fotnotane, med stundom lange sitat, er ei gullgruve for graving i og refleksjon omkring oversetting. Forfattaren Hanne Ørstavik (s.16) har ei perle: 'Oversettelsen er alltid annerledes. Forskjellig. Noe annet. (...) For noe skjer i avstanden. Noe mistes, eller fås. Eller gis. Fordi språket skjer i oss, også i oversettelsen, vi er inni det, ikke utenfor.'

Språkføringa i avhandlinga er imponerende, når ein tek omsyn til at forfattaren har polsk som morsmål. Det er få idiomatiske feilskjer i løpet av dei rundt 240 sidene. (Det har vel vore ein norsk språkvaskar inne i bildet, men det endrar ikkje at denne avhandlinga, reint språkleg, er ein prestasjon.) Her er ikkje fleire kommafeilar enn det me ser i avhandlingar av kandidatar med norsk som morsmål. ‘For å utføre et faglig studium av begge tilfeller, måtte jeg bearbeide ...’ (s. 13) Ein vanleg kommafeil, men det skal altså ikkje vera komma, ut frå norske reglar. Same type kommafeil, på same side : ‘Mekanismene (...) plukket ut av denne drøftelsen, konfronteres i videre deler ... Heller ikkje i følgjande setning (s. 49) skal det vera komma: ‘Den type lesning (...) fører til bredere forståelseshorisonter, og åpner nye perspektiver’.

Nokre slurvefeilar finst – eksempelvis at ord står skrivne saman. Døme: ‘... eller mindretransformasjoner ...’ (s. 4), ‘... måvære en ...’ (s. 6), ‘... var det Henrik Wergeland ...’ (s. 9). Feil artikkelbruk har vi i ‘... en nyttig kriterium ...’ (s.14); der skal det vera ‘et’. Den slags er ei smal sak å retta opp ved eventuell seinare publisering. Det same må seiast om ein for tydeleg tendens til å vera unødig ordrik. Her finst ganske mange setningar der ein kunne ha kutta ut ord. Teksten og avhandlinga hadde vunne på det. Døme (s. 48): ‘Han bygger dem opp på en litterær, nesten dikterisk måte, *kan man godt si*’. Orda i kursiv kan med fordel sløyfast. Det same gjeld dei kursiverte orda i denne setninga (s.145): ‘*Nå tør vi si* det nettopp er individets identitet som *hele* verket konsentrerer seg om.’

Norsk akademisk tradisjon er slik at det ikkje er kvalitet å nytta fleire ord enn nødvendig. Her er eg likevel ikkje blind for at det mange norske ville oppfatta som utbroderande eller utflytande, har å gjera med kulturforskjellar i academia å gjera. I så fall blir det feil å lasta kandidaten for ein slik akademisk skrivemåte.

Fleire detaljar: s. 139 dukkar plutselig begrepet ‘ekfrasen’ opp, og ordet blir ikkje forklart. Det er mogeleg det dreiar seg om ei feilskrivning, uforståeleg er det iallfall. Klisjebruken av ‘rundt’ s. 48 er heller ikkje heldig: ‘... Reintons tanker rundt Benjamins filosofi’. (Er

det bra med tankar ‘rundt’ ein filosofi?). Endeleg burde dei to overskriftene på s. 167 og s. 168 ha blitt formatert annleis. Slik det er no, ser 4.3.2.3 ut til å vera ei viktigare overskrift enn 4.3.3. I realiteten er det omvendt.

Teorigrunnlaget er omfattande; ikkje minst er Walter Benjamin tildelt ei sentral rolle (jf. bruken av aura og det aurastiske); han står med åtte oppføringar i bibliografien. Benjamin har utan tvil vore viktig i debatten om litterær oversetting. Men ein må kunna seia at han først og fremst var filosof og kunstkritikar, ikkje oversettingsteoretikar. Som professor i oversetting, med over tretti års undervisning og forskning på feltet, hadde eg gjerne sett at lingvistisk oversettingsteori hadde blitt meir systematisk trekt inn i den teoretiske drøftinga; Eugene Nida, Peter Newmark, André Lefevre, Werner Koller.

Ein sit med kjensla av at litterær oversettingskritikk (til dømes hos Per Qvale) blir oppfatta som meir sentral enn lingvistisk oversettingsteori. Oversetting, litterær eller ikkje-litterær, er alltid interlingval kommunikasjon. Alle former for oversettingsaktivitet er forankra i språk. Dermed må òg all oversettingsteori, reint logisk, vera forankra i språkteori og kommunikasjonsteori. Litterær oversetting er i eit slikt perspektiv ikkje noko som står for seg, åleine, men er kun ein sjanger med spesifikke utfordringar.

Ein logisk konsekvens blir at begrepet gjendikting er problematisk når det blir brukt om språkleg overføring som ikkje er ‘oversetting’. Dei fleste oversettingsteoretikarar i dag ser ‘gjendikting’ som (i beste fall) eit begrep underordna hovudbegrepet oversetting. I Norge vart ordet forresten teke i bruk etter krigen, av tariffmessige årsaker (honoraret per side i lyrikk burde liggja godt over honoraret per side i ulike former for prosa; den saklege grunnen til slik forskjellsbehandling er udiskutabel). Men mange litterære oversettarar i Norge nyttar ‘gjendikting’ fordi dei meiner at ekvivalens-begrepet er lite brukbart, at det betyr å gjenskapa ein ‘lik eller identisk’ tekst.

Skiljet mellom ‘gjendikting’ og ‘oversetting’ er langt frå akseptert i oversettingskrinsar. Tvertom meiner mange det er ei kunstig og oppdikta motsetning. Difor ville dei færraste oversettarteoretikarar i

dag ha definert ekvivalens slik det blir gjort s. 42. For ekvivalens betyr verken 'identitet' eller 'likskap', men 'likeverd' – målteksten skal ha same funksjon eller verdi som originalen. Dette gjeld som prinsipp, enten det dreiar seg om lover eller lyrikk. (Men at oversettaren må gjera seg bruk av heilt ulike strategiar og evner for å oppnå slikt likeverd – i juss eller i poesi – dét seier seg sjølv.)

No skal det leggjast til at temaet for avhandlinga er noko anna enn rein oversettingsteori; det er ein litteraturkritisk studie, inspirert av kunstfilosofien til Walter Benjamin, og fokuset ligg på den individuelle estetikken hos oversettaren. Dei teoretiske merknadene ovanfor har difor begrensa vekt for og påvirkning av funn og konklusjonar i avhandlinga.

Konkluderande vurdering: Trass i nokre kritiske kommentarar i det føregåande er likevel det dominerande inntrykket at avhandlinga står fram som eit imponerande stykke arbeid: kunnskapsrikt, omfattande og med ein brei bakgrunn av relevant (fag)litteratur. Og ikkje minst: arbeidet gir oss djuptgåande og ambisiøse analysar som presenterer interessante funn. Avhandlingas verdi ligg i at ho får fram kor vanskeleg, i sine detaljar, overføringa er; at desse detaljane ofte er bestemmande for det implisitte, den uuttalte auraen. Og endeleg bør nemnast at her er fine observasjonar; setningar som glimtar. Det står s. 197: 'Jakten på virkeligheten begynner i hukommelsen'.

Konklusjonen blir difor, utan atterhald: eg rår eg til godkjenning av avhandlinga.

Sylfest Lomheim
professor i norsk og omsetjing ved Universitetet i Agder

